

Referat – programstyremøte i arabisk – 230113

Til stades: Shabo Talay, Ludmila Torlakova, Pernille Myrvold, Frank Weigelt, Joakim Farestveit (stud.repr.), Guro Sandnes (ref.).

Sakliste

Orienteringssak: Møte om «Kvalitet i utdanning» og NOKUT-besøk 30.01.13. Alle interesserte er velkomne.

Diskusjonssak: Studieplanendringar

- Vurderingsformer som har 60-40-vurdering (eksamen med to delar og ein felles karakter, der éin del tel 60 % av karakteren og den andre delen tel 40%), nytt forslag: Dei to delane skal telje like mykje (50-50). Gjeld for ARA101, ARA103, ARA105, ARA201, ARA203, ARA301. *Nytt forslag vedtatt*
- ARA100, under vurderingsform: Setje inn den siste setninga: Vurderingsforma er éin skriftleg eksamen på to timar. Eksamenen er sett saman av dei to komponentane arabisk språk, og kultur og samfunn. Eksamenen vil innehalde både teoretiske og praktiske oppgåver. Begge komponentane må vere bestått for at emnet skal vere bestått. *Nytt forslag vedtatt*
- ARA111, ARA112, ARA113, ARA115, ARA211, under obligatoriske arbeidskrav: Setje inn: «Det blir kravd at studentane deltek på minimum 32 av 42 førelesingar/øvingar for å få gå opp til vurdering i emnet.» *Nytt forslag vedtatt*
- ARA112, Fagleg overlapp: Setje inn: «Delvis overlapp med ARA101 (10 studiepoeng) og ARA103 (5 studiepoeng)». *Vedtatt*
- ARA113, Fagleg overlapp: Setje inn: «Delvis overlapp med ARA103 (om lag 10 studiepoeng)». *Vedtatt*
- ARA115, Fagleg overlapp: Setje inn: «Delvis overlapp med ARA105 (om lag 10 studiepoeng)». *Vedtatt*
- ARA211, Fagleg overlapp: Setje inn: «ARA201 (15 studiepoeng)». *Vedtatt*
- ARA350: For å unngå moglege saker om plagiat ved at ein student leverer inn igjen same oppgåve på nytt, vil ein ta inn følgjande tekst i emne med semesteroppgåve/heimeeksamen/mappevurdering. Skal gjelde for: ARA115 (i nytt BA-program), ARA252, ARA302, ARA303, ARA304, ARA350.

"Ein student har høve til å levere same oppgåva på nytt i fall oppgåva er så omarbeidd at ho kan vurderast som ny. Kandidaten må då
 - a) presentere og gi svar på nye problemstillingar, og/eller
 - b) trekkje inn nytt empirisk materiale (kjelder/data), og/eller
 - c) gjere ein vesentleg endra analyse og tolking av empirien" *Vedtatt*
- Opptak master: tydeleggjere kva som er opptakskrav (spesialisering). Forslag:

Shabo Talay foreslår å innføre krav om 60 studiepoeng spesialisering for søkjarar med bachelorgrad i Midtaustenstudium, dersom studenten har fullført eit delstudium i eit arabisktalande land. For søkjarar som har tatt bachelor i arabisk ved UiB, må ein fortsatt ha 90 sp. spesialisering, og for søkjarar med bachelor frå andre lærestader må ein ha minimum 80 studiepoeng spesialisering. *Vedtatt.*

- ARA350, under Vurderingsform: Setje inn: «Kursdelen av masterprogrammet må vere fullført før studenten kan levere inn oppgåva». *Vedtatt*
- Læringsutbyteomtalar: Blir sendt ut på sirkulasjon, saman med malar, så kan programstyret kommentere, og sende tilbake til Guro.
Det skal samsvare med tilrådinga frå fakultetet:

«Læringsutbyttebeskrivelsene for alle emnene bør omformuleres slik at det beskriver hva studenten kan, og hva han har lært, ikke hva han skal kunne eller forventes å kunne. F.eks. (fra ARA100)

«Etter fullført emne kan studentane:

- Arabisk alfabet, utale og ein viss lese- og skrivedugleik

- Gjere greie for enkelte tema i moderne arabisk grammatikk osv»

Det blei uttrykt behov for ein vidare diskusjon om studieplanen for det nye bachelorprogrammet. Guro finn ein dag som passar, og sender ut innkalling.